

To køyrde utan førarkort

SOGNDAL: Statens vegvesen hadde onsdag føremiddag kontroll i Sogndal. 33 bilførarar blei kontrollerte opp mot rus, men alt var ok, melder politiet. To personar fekk gebyr for ikkje å ha med seg førarkort under køyringa.

Ulovleg tennvæske

LEIKANGER: Det er ulovleg å selje tennvæske i klare flasker. Alle flasker med tennvæske må vere svarte, altså ikkje gjennomskiktige, og merkjast «farleg, kan forårsake lungeskade ved svelging». Grunnen til at dei nye reglane kom i november i fjor, er å forhindra at folk tek feil av ei flaske med tennvæske og ei flaske med vatn. – Ingen kan selje tennvæske eller lampeolje i gjennomskiktige flasker,

sjølv om flaskene var innkjøpt før forbodet vart gjeldande, seier senioringeniør Kjersti Furset i Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif) i ei pressemelding. Giftinformasjonen har i år fått 75 meldingar om både barn og vaksne som har drukke tennvæske. I tillegg har dei fått 12 telefonar om drikking av lampeolje, som også no må seljast i svarte flasker.

Ber NVE ta ned presset

Peikar på sumverknaden

– Fleire må få nei

– Verst i Luster

LEIKANGER: Sogn og Fjordane turlag etterlyser ei samla vurdering av dei mange store kraftutbyggjingane som er på panlagde i Indre Sogn.

Fylkesturlaget sin utgreiar, Alvar Melvær, har i eit brev til NVE peikt på sumverknaden av 23 store vasskraftverk i Sogn og Fjordane. Tolv av desse ligg i Indre Sogn. Eitt av dei, det nye Tyin kraftverk, er i drift, dei andre er konsesjonssøkte og kan finnast att på ulike nivå i saksgangen hjå NVE og OED, Norges vassdrags- og energidirektorat og Olje- og energidepartementet.

Historisk

– Utbyggingspresset er klart størst i Indre Sogn, seier Alvar Melvær, og konstaterer at den indre delen av Sognefjorden også slit med dei største tyngslene frå tidlegare etablerte vasskraftutbyggjingar.

Brevet til NVE er sendt frå turlaget som eit tillegg til Sogn og Fjordane turlag si fråsegn i høve tilleggsutgreingar vedrørende konsesjonssøkte Leikanger kraftverk.

Over låg sko?

Konklusjonen må bli, meiner Fylkesturlaget, at det ikkje kan delast ut konsesjon over ein låg sko.

– Alle dei omsøkte større utbyggjingane i Sogn kan ikkje få konsesjon, det blir altfor omfattande og er ikkje akseptabelt, seier Alvar Melvær.

Han tek det for gitt at NVE i tida som kjem vurderer å seia nei til fleire av dei store utbyggjingane som er planlagde i Sogn.

Aller verst?

Utgreiar Alvar Melvær seier laget, om NVE ynskjer det, kan ta på seg å rangera dei aller verste utbyggjingane.

– Nokre av dei store utbyggjingane i Luster, og dei konsesjonssøkte alternativa for Leikanger kraftverk, er mellom dei aller verste, dei bør absolutt få avslag på konsesjonssøknadene, skriv Fylkesturlaget sin utgreiar.

I tillegg til dei større utbygg-

ingane, peiker Sogn og Fjordane turlag på det dei karakteriserer som ein hærskare småkraftutbyggjingar.

Det bli peikt på at Midtre og Indre Sogn også er prega av kraftutbyggjing frå tidlegare år, såleis er Høyanger, Vik, Balestrand, Luster, Årdal, Lærdal og Aurland etablerte kraftkommunar.

Villmarka

På nordsida av Sognefjorden, mellom Balestrand og Luster, er det framleis att urørd fjell- og vassdragsnatur. Fylkesturlaget peikar på Leikanger og Sogndal som to slike kommunar.

– Det er dei einaste kommunane i regionen som ikkje har vore arena for stor vasskraftutbyggjing, etter turlaget si oppfatning bør dette vera ein tilstand som vedvarer, seier Alvar Melvær.

Uforsvarleg?

På vegner av den fylkesfemnande interesseorganisasjonen åtvarer han mot sumverknaden som no tårnar seg opp i Sogn.

– Store og små, gamle og nye, alle inngrepa i Midtre og Indre Sogn sin vassdragsnatur er i ferd med å gå ut over det som er forsvarleg, seier han.

Elleve søknader

I Indre Sogn har Sogn og Fjordane Turlag lista opp elleve større prosjekt som er konsesjonssøkte eller melde. Desse er: Feios kraftverk (Vik): 95 GWh, Leikanger kraftverk (Leikanger): 184 GWh, Mork



STERK OPPMODING: Sogn og Fjordane Turlag sin utgreiar, Alvar Melvær, til venstre, ber NVE og seksjonsleiar samband med dei mange konsesjonssøkte vasskraftprosjekta. Til høgre i biletet Malen Røysum frå Leikanger.

kraftverk (Lærdal): 91 GWh, Gravdalen kraftverk (Lærdal): 54 GWh, Offerdal kraftverk (Årdal): 101 GWh, Holsbru

kraftverk, Gamle Tyin, (Årdal): 74 GWh, Vestsideelvane, Jostedalen (Luster): 135 GWh, Vigdøla kraftverk, Jostedalen

(Luster): 48 GWh, Øyane kraftverk, Fortun (Luster): 98 GWh, Illvatn pumpekraftverk, Fortun (Luster): 111 GWh og over-

Fagmiljøa tilrår redusert inngrep

LEIKANGER: Tre fylkesfemnande aktørar har stilt seg bak ei redusert leikangerutbygging.

Fylkesrådmannen, Fylkesmannen og Fylkesturlaget går alle for det minst omfattande alternativet. Dei to sistnemnde har i siste runde gjeve positiv tilbakemelding på C-alternativet, som kom på bana etter NVE si synfaring i fjor haust. Fylkesturlaget ynskjer likevel primært at utbyggjinga

i Leikanger landar på 0-alternativet, altså at planen om å regulera Henjaelvi og Grindselvi får tommelen ned.

A, B og C

Konsesjonssøkjjar ynskjer A-alternativet, som tek inn vatnet på kote 600 og gjev 184 GWh. Dette har i prosessen vore målt mot B-alternativet, som både Fylkesmannen og Fylkesrådmannen har innstilt på i ein tidlegare runde, sistnemnde etter råd frå fylkeskommunen sin faginstans. Inngrepet har inntak atskilleg lenger nede i dalføret, på kote 365.

Alternativ C blir oppfatta som eit miljøgrep med vinst for almennteressene. Alternativet krev at utbyggjaren må avstå vel 20 GWh kraftproduksjon. Sognekraft har til høyringa sagt at fordelene ved å flytta inntaket ned frå 600 til kote 530 ikkje er slik at det forsvarer produksjonstapet.

Kommunen

Det siste alternativet er såleis ei slags mellomløyning, om lag midt mellom B-alternativet (130 GWh) og A-alternativet (184 GWh).

Rådmannen i Leikanger innstilte i høyringsrunden også på C-alternativet. Men kommunerådmenn og fylkesrådmenn må, til skilnad frå Fylkesmannen og Fylkesturlaget, halda seg til politisk valde nivå.

Leva med

Både kommunestyret og fylkesutvalet overkøyrde dei administrative innstillingane og gjekk med klart fleirtal inn for det mest vidtrekkjande alternativet i leikangerfjella, A-alternativet. Dei mjuke almennteressene, som blir

Momskompensasjon

AURLAND: Frivillige lag og organisasjonar kan søkje om momskompensasjon. Lotteri- og stiftelsestilsynet skal fordela 627,5 millionar kroner i momskompensasjon til frivillige lag og organisasjonar i 2012. Erfaringar frå tidlegare syner at mange lag og organisasjonar ikkje har søkt. Dette er ofte lokale eller regionale ledd under sentrale frivillige organisasjonar som til dømes Norges

Idrettsforbund (NIF), 4H Norge, N Musikkorpsforbund, Norges Røde og Norges Jeger- og Fiskerforbund. Slike underledd skal senda inn sine søknader gjennom sitt sentralløp. Enkeltstående søkjarar er det minstegrensar. Etter den forenkla modellen er minstegrensa 300 000 kroner i søknadsgrunnlag, medan minstegrensa etter dokumentert mod-

på Sogn

er og Leikanger



Rune Flatby om å halda att på omfanget av naturinngrep i Indre Sogn i

føringa til Viddalsmagasinet, Aurland: 57 GWh.

Terje Eggum

terje.eggum@sognavis.no



TURR STØL? Biletet er frå Nyastølen i Henjadalen, får konsesjons-søklar fullt gjennomslag vil vatnet på biletet bli råka, går NVE for mellomalternativet (C) eller det minst omfattande (B), vert vatnet teke inn til kraftproduksjon lenger nede.

hevda i innstillingane frå Fylkesmannen, Fylkesturlaget og fylkesrådmannen, fekk såleis berre

mindretalsstøtte i kommunen som skal leva med naturinngrepa.